

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 411/2003

2005/EØS/49/35

av 5. mars 2003

**om endring av forordning (EF) nr. 805/1999 om fastsettelse av visse tiltak for å gjennomføre rådsforordning (EF) nr. 718/1999 om en kapasitetspolitikk for fellesskapsflåtene for å fremme transport på innlands vannveier(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 718/1999 av 29. mars 1999 om en kapasitetspolitikk for fellesskapsflåtene for å fremme transport på innlands vannveier<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 7, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 718/1999 skal Kommisjonen, etter samråd med medlemsstatane og dei organisasjonane som representerer transport på innlandsvassvegar på fellesskapsplan, fastsetje høvetal for «gammalt-mot-nytt»-regelen når det gjeld tørrlastskip, tankfartøy og skyvebåtar.
- 2) I kommisjonsforordning (EF) nr. 805/1999 av 16. april 1999<sup>(2)</sup> om fastsetjing av visse tiltak for å gjennomføre rådsforordning (EF) nr. 718/1999 er det fastsett at høvetala for «gammalt-mot-nytt»-regelen skal nyttast frå 29. april 1999.
- 3) I medhald av artikkel 4 nr. 2 i forordning (EF) nr. 718/1999 må desse høvetala setjast ned stegvis, slik at dei snarast råd seinast 29. april 2003 vert reduserte til null i jamlege etappar.
- 4) «Gammalt-mot-nytt»-høvetala vart sette ned i 2000, 2001 og 2002 ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1532/2000<sup>(3)</sup>, kommisjonsforordning (EF) nr. 997/2001<sup>(4)</sup> og kommisjonsforordning (EF) nr. 336/2002<sup>(5)</sup>.

5) I samsvar med artikkel 4 nr. 2 andre punktumet i forordning (EF) nr. 718/1999 må høvetala for «gammalt-mot-nytt»-regelen no reduserast til null for tørrlastskip, tankfartøy og skyvebåtar med verknad frå 29. april 2003.

6) Forordning (EF) nr. 805/1999 må difor endrast.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, har vore drøfta i Ekspertgruppa for kapasitetspolitikk og -utvikling av fellesskapsflåtene, som vart oppnemnd ved artikkel 6 i forordning (EF) nr. 805/1999 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

I forordning (EF) nr. 805/1999 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 1 vert høvetalet «0,30:1» endra til «0:1».
2. I artikkel 4 nr. 2 vert høvetalet «0,45:1» endra til «0:1».
3. I artikkel 4 nr. 3 vert høvetalet «0,125:1» endra til «0:1».

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 29. april 2003.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 5. mars 2003.

*For Kommisjonen*

Loyola DE PALACIO

*Visepresident*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 62 av 6.3.2003, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 119/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 64 av 18.12.2003, s. 25.

<sup>(1)</sup> TEF L 90 av 2.4.1999, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 102 av 17.4.1999, s. 64.

<sup>(3)</sup> TEF L 175 av 14.7.2000, s. 74.

<sup>(4)</sup> TEF L 142 av 29.5.2001, s. 18.

<sup>(5)</sup> TEF L 53 av 23.2.2002, s. 11.